



VILLREIN OG CWD

... PÅ HARDANGERVIDDA

Tekst og foto:
Endre Løgreid
Leiar, Villreinnemnda Hardangervidda
4.februar 2021



**CWD på Hardangervidda
VKM rapport føreligg
Kva er rett å gjera no?**

Lyn-status sett frå Villreinnemnda

- Fyrst av alt er me alle djupt fortvila over funnet av CWD på Hardangervidda!
- Me er nøgde med at MT/MDIR har informert bra i tida frå funnet vart kjent den 10.sept
- Me er og nøgde med at det har vore bra dialog og møter i haust (til tross for corona... teams har fungert ok...)
- Det var bra at det vart bestilt ein oppdatert rapport frå VKM, - og me er glade for at den vart på norsk og for at den vart presentert/delt slik at den vart tilgjengeleg for alle såpass raskt
- Me synest VKM rapporten i det alt vesentlege er god! Den er forståeleg og lærerik, men avdekkar og mykje usikkerheit.

Det store spørsmålet er, ... det som har vore vår bekymring sidan i haust; Kva skjer no?





*Lokal forvaltning forstår alvoret i situasjonen!
... Og me forstår at dette vil prege
villreinforvaltninga på Vidda
i lang, lang tid!*

*Me er og
heilt sikre på at me har
størst sjanse til å nå måla som
vert sett om me samarbeider breidt og godt!*

Adaptiv forvaltning

- Villreinnemnda ynskjer å arbeide etter desse prinsippa:
 - Ein må setje klare mål
 - Ein må vedta tiltak og aksjonar
 - Ein må evaluere effekten av tiltaka
 - ... og utifrå det til ei kvar tid beste kunnskapsgrunnlaget justere måla og tiltaka fortløpande

Vårt hovedbudskap er at det må etablerast ei breidt samansett arbeidsgruppe; «***Task force H-CWD***»

- ... etter same «lest» som Reetableringsgruppa for Nordfjella
- Kva skal vera måla me skal sikte mot?
- Korleis skal me nå desse måla?

Ei lang rekke mål må definerast

- Me må lage «CWD-tilpassa» bestandsplan
 - Kva skal bukkeandelen vera?
 - Kor stor skal bestanden vera?
 - Kva skal vera mål for kondisjon for dei attlevande dyra?
- Kva er måla for levekår og kondisjon for villreinen om 10 år (... også med tanke på Kvalitetsnorm-arbeidet.)
- Andre mål (f.eks ferdselrestriksjonar, salteplassar, ...)
- + + +

Korleis skal me nå dei måla?

- Kva må kvoten for 2021 vera for å treffe best mogeleg?
- Kva dispensasjonar frå lover/forskrifter må på plass?
 - Jakttid
 - Korttypar
- Kva ferdselrestriksjonar vil ha størst effekt?
- Korleis motivere jegrane til å skyte «dei rette dyra»? (Avlsfokus)
- Korleis oppnå lojalitet til dei aksjonane som vert vedtekne?

Task force H-CWD

Me takkar for møtet i dag, - men med all respekt:
Dette er ikkje ein god arena for reell drøfting og faglege
diskusjonar hverken for å fastsetje mål eller virkemiddel!

- Villreinnemnda sende brev ved nyttår med fokus:

Difor er vårt hovedbudskap i dette innspelet at myndighetene MÅ leggje opp til ein grundig medvirkningsprosess for å sikre at ein endar opp med dei fagleg beste tiltaka OG at desse er forankra i, og drøfta med, alle sentrale og lokale aktørar.
- Dette står seg like godt etter at VKM rapporten føreligg!
- Me har eit vindauge på knappe 3 månader til kvote for 2021 skal vera på plass. De MÅ initiere ein møteserie og medvirkningsprosess slik at me er mest mogeleg samkøyrd når det vindauga stenger.

Prevalens ...og ein refleksjon om vinterjakt 2021

VKM rapporten (s 45)

positive bukken. Dette gir 95 % sannsynlighet for at det er igjen 0-10 smittede voksne bukker på Hardangervidda etter jakta 2020, der det mest sannsynlig tallet er 1-2 smittede bukker (tab. 2.10.2.2).

Leik med tanken på at det faktisk var 1 bukk med CWD på Vidda den 1.september...

I så fall så er den einaste bukken med CWD smitte på Vidda skoten!

Poenget mitt er ikkje å føreslå at me skal styre etter dette. Men situasjonen eg skildrar er veldig nær det som VKM konkluderer at er «det mest sannsynlege». Før ein veit meir er drastiske tiltak uakseptable!

Eventuelle vedtak om vinteruttak 2021 kjem til å møte enorm motstand lokalt og vil skape ein avgrunn mellom lokal forvaltning og sentrale myndigheter som vil vera til skade for det langsigchte samarbeidet me er avhengige av for å nå felles mål!

Verdensrekord i rask respons på CWD...

Villreinnemnda er villige til å diskutere ein ny «CWD tilpassa bestandsplan» inkl å drøfte inngripande og alvorlege tiltak. Me forstår at det er vanskeleg å koma utanom både redusert bestand og ytterlegare redusert bukkeandel. Men tiltaks-biletet er komplisert og de er etter vårt avhengige av den lokale kunnskapen og den lokale forvaltninga, jegrane og rettigheitshavarane for å lukkast!

... Og for dei som kjenner på at Norge må vise handlekraft i denne situasjonen, minner me om:

Hardangervidda har i to år hatt hard utskyting av bukk... slik at me no er nede i berre 6% bukk (>3,5 år)

... som betyr at me vedtok å setje i verk det tiltaket, som VKM i realiteten omtalar som det aller viktigaste, 1,5 år før det fyrste CWD-smitta reinsdyret vart funne på Hardangervidda...

... det må vera verdensrekord, - og har resultert i at utgangspunktet for vidare tiltak er betre!

**Takk for at de
høynde på...**



**... og takk for at de vil
samarbeide med lokal
forvaltning for å nå
felles mål😊**



Villreinen i Norge